

## Haustetilrådingar per 11.sept 2012 (etter prøveuttaking 10.sept)

NLR avd. Njøs og Sognefrukt har teke ut nokre prøvar av Discovery (seine plassar), Clara Friis, Summerred og Raud Gravenstein. Frukta endrar seg raskt no, så følg med i eigen hage! Høg verdi på sukkerinnhaldet indikerar at kvaliteten på frukta i år blir svært bra.

Me har teke ut prøvar frå nokre representative hagar for kvar sort og så må de relatera til eigen hage og kontrollera frukta dykkar sjølv før hausting og levering.

### **Ver obs på at det er litt endringar i krav frå Bama m.o.t. krav til hausta produkt;**

Spesifikasjonane får de tilsendt frå lageret. I år er også verdiar for stive (dvs. jodtesting) lagt inn. Sjå dykk difor ikkje blinde på berre sukkerverdien. Fargemal for grunnfarge kan de få ved å henvende dykk til Sognefrukt.

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgangar for å få maksimal kvalitet.

Grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og ein god indikasjon er også om frukta smakar godt!

## Discovery

På tidlege og middels tidlege stader bør (**skal!**) haustinga vera komen godt i gong. Det er viktig å utnytte "suget" i marknaden no og såleis også oppnå gode prisar. Det er denne gongen teke ut prøvar i Sogndal og på Vangsnes og Fresvik, altså seinare stader. Fargen er fin og grunnfargen er byrja å koma på plass. Toppane og yttergreinene kan no starthaustast i Sogndal, det vil sei at ein plukkar ut 10-25%, medan Vangsnes og Fresvik bør venta til byrjinga på veke 38. Høgt sukkerinnhald indikerar god kvalitet, men ein MÅ ha grunnfargen på plass. Bruk evt. fargemal.

## Clara Frijs

Det er teke ut nye prøvar på Slinde og Nornes. Fastheiten er ideell, sukkerinnhaldet er høgt og stiveinnhaldet er no innanfor rettleiande verdiar. Utviklinga har dermed gått raskt! På Slinde (og tidleg plassar) bør ein byrja å hausta. Nornes kan venta til mot helga.

## Summerred

Det er teke ut prøvar på Slinde, Leikanger og i Sogndal. Fruktene nærmar seg ideelt i fastheit, medan sukkerinnhaldet er meir variabelt. For stor avling kan verka negativt på sukkerinnhaldet og likedan kan for sterk sommarskjering. Stiveinnhald og streif-verdi indikerer at ein kan byrja å plukka ut or på tidlege plassar. Prøvane i Sogndal syner at frukta der i år er nesten like langt komen som på tidleg stader. Utor plukking kan byrja på Slinde og Leikanger, medan Sogndal bør venta til over helga. Nye prøvar blir teke ut måndag 17.september.

## Raud Gravenstein

Det er teke ut prøvar på Slinde og Sogndal. Fargen byrjar å koma på plass og fruktene heng laust. Epla er enno likevel for faste og stivetest/streifindeks indikerer at modninga enno ikkje er skikkeleg i gong, sjølv om sukkerinnhaldet er høgt. Ein kan førebu seg på starthasting i løpet av veke 38. Avvent nye prøvar på måndag 17.sept.

På måndag 17.sept tek me også ut nokre prøvar av Aroma og Raud Aroma for å sjå på utviklinga.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Olav Sørnum; 97145058